



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 31.05.2016
Tid: 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Medlem	V
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Rebecca Riise Bjerknes	Odd Harald Sundal	SP
Uthman Suheil Rajeh Abu Harbid	Sølvi Dimmen	AP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjugard	Rådmann
Per Heltne	Sakshandsamar PS 95/16
Henrik Skovly	Økonomisjef OS 82/16

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 93/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 94/16	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 95/16	Planid 2012009 - Reguleringsplan Rotsetfjora I1 og Sp1-5 - Endra føresetnader - avklaring av plansituasjon.
PS 96/16	Opprette fleire lærlingstillingar i Volda kommune
PS 97/16	Kaffiordning for tilsette ved Rådhuset
PS 98/16	Orienteringssaker
OS 80/16	Komm. og moderniseringsdepartementet - brev til fylkesmannen i Sogn og Fjordane - Grenser for helseføretak ved samanslåing av kommunar over fylkesgrenser
OS 81/16	Tilskudd til veier, bredbånd og andre digitaliseringstiltak i kommuner som skal slå seg sammen
OS 83/16	Referat frå partnerskapsmøte NAV Ørsta/Volda 10.05.2016
OS 84/16	Samferdselpakke Volda Ørsta - 24.05.2016 - arbeidsmøte Ørsta
OS 85/16	KOSTRA-analyse for Volda kommune
OS 82/16	Drøftingsnotat finans 31.05.2016

PS 93/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling:

Dokument utdelt i møtet:

- OS 82/16 Drøftingsnotat finans
- Notat frå ordføraren: Kommunereform og møte med Eid kommune, datert 31.05.2016

Sakliste:

- OS 82/16 Drøftingsnotat finans vert handsama som siste sak.

Røysting:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

PS 94/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Anders Egil Straume kom med slik merknad til protokollen: Det var Erlend Krumsvik som var tilstades på møtet, ikkje Anders Egil Straume slik det er referert i protokollen.

Røysting:

Protokollen frå sist møte vart samrøystes godkjent, med merknad frå Anders Egil Straume.

PS 95/16 Planid 2012009 - Reguleringsplan Rotsetfjora I1 og Sp1-5 - Endra føresetnader - avklaring av plansituasjon.

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Med grunnlag i endra eigedomssituasjon og endra føresetnader knytt til Scana sine interesser og planar i området, ser kommunen positivt på det mottekne initiativ til endra arealbruk for det aktuelle området. Ein endra arealbruk som skissert er i samsvar med intensjon i kommunedelplan Volda sentrum og tilhøyrande tettstadanalyse, om sentrumsnære bustader, og betra tilknytning mot sjø.*
- 2. Pågåande reguleringsarbeid vert å avslutte ved at plan vert fremja for slutthandsaming, der planområdet vert avgrensa slik at reguleringsplan berre for Scana sitt eksisterande areal 30/1-3 vert godkjent.*
- 3. Det vert lagt opp til ny planprosess for resterande areal frå grensa mot Scana si bygseltomt 30/1-3 og sørover til småbåthamna.*
- 4. Arealbruksformålet for området 30/157 med tilstøytande areal vert ved fremjing av ny plan endra frå industri/kontor til bustad (ev bustad/kontor).*
- 5. Eksisterande bygningsmiljø og naustområde/fjora sør for Naustvegen vert teke vare på som del av bevaringsområde i ny plan.*
- 6. Ein skal ved ny plan ivareta også dei behov for tilkomst-, parkeringsareal m.v for Garveriområdet som var lagt til grunn ved tidlegare planframlegg. Kommunen sin eigedom 30/286 skal inngå i plan og skal også i ny plan kunne nyttast for sikring av tilkomst til utbyggingsområde og for tilkomst og parkering for Garvarbuda m.m.*
- 7. Ut frå dei intensjonar og idear om arealbruk som ny eigar i området har lagt til grunn, finn ein at det også er grunnlag for fremjing av dette gjennom privat planinitiativ, om dette vert etterspurt.*
- 8. Kommunen er positiv til eventuell avståing av grunn frå 30/286 som det ut frå godkjent plan vil vere behov for, for å sikre samla utbygging etter plan. Ved*

regulering og i eventuell avtale vil det vere aktuelt å vurdere kommunens egne behov for areal til sentrumsnære bustader til ulike brukargrupper i området.

Handsaming:

Planleggar Per Heltne møte under handsaminga av saka.

Formannskapet var på synfaring til Rotsetfjøra.

Margrete Bjerkvik kom med slikt framlegg:

Saka vert utsett i påvente av moglegheitsstudie.

Røysting:

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 31.05.2016

Saka vert utsett i påvente av moglegheitsstudie.

PS 96/16 Opprette fleire lærlingstillingar i Volda kommune

Administrasjonen si tilråding:

Oppretting av nye lærlingstillingar og organisering av lærlingordninga vil bli vurdert i samband med budsjett 2017.

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 31.05.2016 til kommunestyret:

Oppretting av nye lærlingstillingar og organisering av lærlingordninga vil bli vurdert i samband med budsjett 2017.

PS 97/16 Kaffiordning for tilsette ved Rådhuset

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Formannskapet godkjenner at kommunen står som eigar av avtalen og stiller med økonomisk garanti for leigeavtalen.*
- 2. Eit eventuelt overskot for kaffiordninga skal nyttast til sosiale tiltak for dei tilsette i kommunen.*

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 31.05.2016:

- 1. Formannskapet godkjenner at kommunen står som eigar av avtalen og stiller med økonomisk garanti for leigeavtalen.*
- 2. Eit eventuelt overskot for kaffiordninga skal nyttast til sosiale tiltak for dei tilsette i kommunen.*

PS 98/16 Orienteringssaker

OS 80/16 Komm. og moderniseringsdepartementet - brev til fylkesmannen i Sogn og Fjordane - Grenser for helseføretak ved samanslåing av kommunar over fylkesgrenser

OS 81/16 Tilskudd til veier, bredbånd og andre digitaliseringstiltak i kommuner som skal slå seg sammen

OS 83/16 Referat frå partnerskapsmøte NAV Ørsta/Volda 10.05.2016

OS 84/16 Samferdselpakke Volda Ørsta - 24.05.2016 - arbeidsmøte Ørsta

OS 85/16 KOSTRA-analyse for Volda kommune

OS 82/16 Drøftingsnotat finans 31.05.2016

Drøftingsnotatet vart utdelt i møtet.

Møtet slutt kl. 14:10

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
02.06.2016

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service